



Innst. S. nr. 58

(2002-2003)

Innstilling til Stortinget frå sosialkomiteen

St.prp. nr. 11 (2002-2003)

Innstilling frå sosialkomiteen om samtykke til del- taking i ei avgjerd i EØS-komiteen om deltakinga til EØS/EFTA-statane i EU-programmet for folke- helse (2003-2008)

Til Stortinget

SAMANDRAG

EU-programmet for folkehelse (2003-2008) vart formelt vedteke i EU 23. september 2002 ved europaparlaments- og rådsvedtak 1786/2002/EF. Folkehelseprogrammet (2003-2008) samlar EU sine eksisterande handlingsprogram for folkehelse i eitt program, samstundes som verkeområdet for programmet vert utvida.

Sidan 1995/96 har Noreg delteke i åtte handlingsprogram om folkehelse. Alle dei åtte handlingsprogramma sluttar å gjelde 31. desember 2002. Det nye folkehelseprogrammet vil ta til å gjelde frå 1. januar 2003.

Folkehelseprogrammet (2003-2008) opnar for deltaking frå EØS/EFTA-statane. Ei slik deltaking krev ei endring av protokoll 31 artikkel 16 i EØS-avtala. Norsk deltaking i programmet gjer det naudsynt med løyvingvedtak, og i medhald av § 26 andre leddet i Grunnlova er det difor naudsynt med samtykke frå Stortinget til deltaking i avgjerda i EØS-komiteen.

Det nye folkehelseprogrammet (2003-2008) har tre hovudsøyler:

1. Innsamling og analyse av helsedata og betring av informasjonen om desse data til brukargrupper
2. Snøgg reaksjon mot helsetrugsmål
3. Førebygging av risikofaktorar og fremjing av folkehelsa

Innan kvar og ein av desse tre søylene er det vedteke ei rekkje mål og tiltak.

For å hindre at Noreg seinkar datoen for når avgjerda tek til å gjelde, og for å gjere det mogleg for EØS/EFTA-statane å ta del i programmet så tidleg som mogleg, gjer Regjeringa eit framlegg om at Stortinget sitt samtykke vert innhenta før avgjerda er teken i EØS-komiteen som eit samtykke til deltaking i EØS-komite-avgjerda. Det vil dermed ikkje vere naudsynt for Noreg å ta atterhald for konstitusjonelle prosedyrar ved vedtakinga. Det er ikkje venta at det vil skje endringar i utkastet til avgjerda i EØS-komiteen. Dersom den endelege avgjerda avviker vesentleg frå det utkastet som er lagt fram i proposisjonen, vil saka verte lagt fram for Stortinget på nytt. Avgjerda i EØS-komiteen er venta i møtet til komiteen i januar 2003, men datoen kan verte endra.

Ved deltaking i EU sitt nye folkehelseprogram vil dei økonomiske utgiftene for Noreg auke med 10-15 prosent samanlikna med dei handlingsprogramma som er i bruk i dag. Den norske delen vil utgjere om lag åtte mill. kroner per år.

Deltaking i programmet gjer det mogleg for EØS/EFTA-statane å plassere nasjonale ekspertar i Kommisjonen. Noreg har gjennom dei tidlegare folkehelseprogramma plassert to ekspertar i Kommisjonen og vil i samband med det nye folkehelseprogrammet gjere det same. Lønn og godtgjersle til dei nasjonale ekspertane kjem i tillegg til programkostnadene.

Helsedepartementet rår til at Noreg tek del i ei avgjerd i EØS-komiteen om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om innlemming av EU-programmet for folkehelse (2003-2008) i EØS-avtala. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

UTTALE FRÅ UTANRIKSKOMITEEN

Utkast til innstilling er sendt over til utanrikskomiteen til uttale. I brev dagsett 28. november 2002 uttalar utanrikskomiteen at han ikkje har merknader til innstillingstilkastet.

KOMITEEN SI TILRÅDING

Komiteen har ingen merknader viser til proposisjonen og rå Stortinget til å gjere slikt

v e d t a k :

Stortinget samtykkjer i at Noreg deltek i ei avgjerd i EØS-komiteen om deltakinga til EØS/EFTA-statane i EU-programmet for folkehelse (2003-2008).

Oslo, i sosialkomiteen, den 2. desember 2002

John I. Alvheim
leiar

Elisabeth Røbekk Nørve
ordførar

Åse Gunhild Woie Duesund
sekretær